

RETNINGSLINJER – RESSURSGRUPPER FOR TIDLEG INNSATS I HÅ KOMMUNE

Hå kommune juni -18.

1. Det skal vera ei ressursgruppe for tidleg innsats ved kvar barnehage og skule i Hå kommune.
2. Målsetjinga for gruppa er tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Gruppa skal samordna og gi råd om tiltak for barn og unge i alderen 0 - 16 år. Dette gjeld både i høve til fysiske, psykiske, språklege, faglege og sosiale vanskar.
3. Ressursgruppa er knytt til barnehagen eller skulen. Leiar ved barnehagen/skulen har ansvar for innkalling og referat. Referata skal sendast vidare til ei arbeidsgruppe (skulesjef, barnehagesjef og SLT-koordinator), som avgjer om nokre av sakene skal sendast vidare til tverrfagleg koordineringsgruppe (SLT).
4. Gruppa skal vera samansett av faste representantar frå helsestasjon, barnevernstenesta, PPT og leiar ved kvar barnehage/skule. Ved ønskje eller behov kan føresette og andre instansar kallast inn. Alle instansane, både faste representantar og andre instansar, har ansvar for å melda opp saker. Alle i gruppa er likeverdige. Føresette har møterett.
5. Før eit namngjeve barn vert drøfta i gruppa skal det føreliggja skriftleg samtykke frå føresette og frå barn som er over 15 år. Det vert nytta eige skjema til dette. Samtykket vert til vanleg gitt for eit barnehage-/ skuleår om gongen.
I fylgje barnelova § 31 og barnevernslova § 6-3 skal eit barn som er fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danna seg egne synspunkt, informerast og få høve til å seia meininga si før det vert teke avgjerd i personlege forhold for barnet. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år, skal det leggjast stor vekt på kva barnet meiner. Det må avklarast i forkant av møtet i gruppa kven som skal snakka med barnet, og om barnet skal delta.
Barn kan verta drøfta anonymt i gruppa, utan samtykke frå føresette. Viss eit barn vert drøfta anonymt meir enn ein gong, må det innhentast samtykke.
Viss det vert sendt felles innkalling til møtet, skal det ikkje stå namn på barnet. Namnet på barnet kan verta oppgjeve om det vert sendt eiga innkalling til føresette. Det skal alltid stå at det er innhenta skriftleg samtykke. Leiar ved barnehagen/skulen har ansvar for referat/arkivering.
6. Det er viktig med eit nært samarbeid med heimen og dei føresette. Den som har fått samtykke til å ta opp saka, har ansvaret for å gi skriftleg tilbakemelding til føresette, dersom ikkje anna vert bestemt.
Leiar ved barnehagen/skulen har ansvar for at andre som arbeider i nær kontakt med barnet, får relevant tilbakemelding frå gruppa. Dette skal skje i samråd med føresette.
7. Alle føresette i kommunen skal få informasjon om ressursgruppene. Barnehagane/skulane har ansvar for å gjera denne informasjonen kjend for heimen på foreldremøter og på barnehagen/skulen si nettside.
8. I det første møtet i ressursgruppa på hausten bør det setjast av tid til minimum 4 møter for barnehage-/skuleåret. Forslag til tema er sett opp.